

MNPED9000 Teaching in STEM

Notat til leiarar ved MN-fakultetet. Åsmund H. Eikenes, KURT. September 2020.

Bakgrunn: Det har vore ein langsiktig ambisjon frå dekanatet om å tilby emner i profesjonell kompetanse til PhD-kandidatare. Forskriftssendinga frå 2019 i krav om universitetspedagogisk kompetanse for tilsetting i vitskaplege stillingar gir auka forventing til PhD-kandidatar som ønsker seg ei karriere i akademia. I tillegg er MN deltakar i eit EU-prosjekt der MN skal utvikle og evaluere studiepoenggivande emner i profesjonell kompetanse. MNPED9000 er del av dette prosjektet (saman med MNKOM9010)

Mål: Å gi PhD-kandidatar kompetanse til å planlegge, gjennomføre og evaluere undervisning ved fakultetet, samtidig som vi støttar PhD-kandidatare til å bidra til undervisningsutvikling på institutta.

Målgruppe: I 2019 tilsette MN 45 stipendiatar i 4-årige stillingar med 25% undervisningsplikt, og det er desse kandidatare som er hovudmålgruppa for emnet.

Organisering: Emnet gir 5 studiepoeng, har karakter bestått/ikkje bestått, har om lag 25 plassar, og skal gå kvart semester.

Undervisning: Emnet har ei veke undervisning i starten av semesteret, før PhD-kandidatare får 2-3 månader til å praktisere dei nye ferdighetene sine som del av eit emne ved deira institutt. PhD-kandidatare må lage ein avtale med ein emneansvarleg om å bidra til undervisninga, og samtidig reflektere og observere seg sjølv og eigen utvikling. PhD-kandidatare får til slutt to veker til å levere ein heimeeksamen, eit 4-6 siders notat med planar, erfaringar og refleksjonar rundt eigen undervisning.

Pedagogikk: Vi har samarbeida tett med dei pedagogiske miljøa på UiO for å utvikle emnet, mellom anna gjennom samtalar med Naturfagsenteret og med universitetspedagogar ved LINK. Innhaldet i emnet bygger på Scientific Teaching-seminaret arrangert av KURT saman med institutt for geovitskap og iEarth i mai 2020, og har god forankring i forskingslitteraturen rundt pedagogiske kurs.

Innspel frå fakultetet: Som ein del av planlegginga har vitskapleg tilsette, PhD-kandidatar og kollegaer i administrasjonen fått gi innspel til eit tidleg utkast, og har gitt signal på at emnet passar til både organisering og behov på institutta.

Samarbeid med LINK: Det nye emnet supplerer dei universitetspedagogiske kursa som LINK tilbyr til faste og midlertidig tilsette, og LINK ønsker å samarbeide med KURT om å utvikle og gjennomføre undervisninga i emnet. Ved bestått MNPED9000 får PhD-kandidatare 5 studiepoeng av MN, og eit kursbevis frå LINK som tilsvarar 30 timer. Kursbeviset kan inngå som del av dei 200 timane universitetspedagogisk utdanning for tilsetting i faste vitskaplege stillingar.

Utvikling: Emnet blir ein viktig del av KURT sitt arbeid med undervisningsutvikling, og har klare koplingar til arbeidet med opplæring av læringsassistentar, støtte til faste vitskapleg tilsette som underviser, og også til kulturygginga ved fakultetet.

Administrasjon og ressursbruk: Emnet administrererast av My Hanh Tu ved IBV, og emneansvaret delast mellom Åsmund Eikenes og Tone F. Gregers som del av arbeidsoppgåvene i KURT.